

Fra: Askøy Kommune - Ordfører (Ordfører@askoy.kommune.no)

Sendt: 14.04.2020 10:34:09

Kopi: postmottak (postmottak@askoy.kommune.no)

Emne: Evakuer borna frå Moria no

Med vennlig hilsen

Siv Høgtun

Ordfører

Telefon: 56 15 81 35

Mobil: 481 95 342

Askøy kommune

Postadresse: Klampavikveien 1, 5300 Kleppestø

Besøksadresse: Klampavikveien 1, 5300 Kleppestø

Fra: marte Prestnes <marteprestness@gmail.com>

Sendt: lørdag 11. april 2020 17:55

Til: Ordfører <Ordfører@askoy.kommune.no>

Emne: Evakuer borna frå Moria no

Hei!

Du kjenner sikkert til oppropet "Evakuer borna fra Moria no" som blant anna arrangerte ein digital "skodemonstrasjon" på Facebook 1. april. Dei jobbar for å evakuere dei mest sårbare frå flyktningleirane i Hellas. Som vi alle veit herjar koronaviruset no, og det vil gå aller mest utover dei svakaste. Eg har sjølv nyleg kome heim frå den eine leiren der eg jobba som frivillig hjelpearbeidar, og er ilag med mange andre skremmande redd for kva som vil skje den dagen viruset når leirane.

46 350 signaturar ifrå det norske folk vart levert til regjeringa 6. april, med ein klar beskjed om at leirane må evakuerast no. 20 hjelpeorganisasjonar har stilt seg bak oppropet, i tillegg 15 kommunar: Kristiansand, Risør, Hamar, Kvinnherad, Lillehammer, Bodø, Vestvågøy, Vågan, Oslo, Stavanger, Harstad, Trondheim, Bergen, Namsos og Midt-Telemark.

Me jobbar no for at flest mulig kommunar skal stille seg bak oppropet, for å vise regjeringa at me er klare til å ta imot einslege mindreårige og barnefamiliar ifrå leirane i Hellas. Eg ber de vurderer å ta opp denne saka også i Askøy kommune.

Vedlagt finn de info om oppropet, i tillegg til døme på kva ulike kommunar har presentert då dei tok opp saka i sine kommunestyre.

Med venleg helsing

Marte Prestnes Ersland